

**Utval:** Ungdommens fylkesutval  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset  
**Dato:** 24.08.2018  
**Tidspunkt:** 16:00-19:45

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Hellan Hindenes	Leiar	
Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll	Nestleiar	
Malene K. M. Alsaker	Medlem	
Julie Henriette Langum	Medlem	
Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Sander Molland	Medlem	
Marte Kristoffersen	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Lisa Haugland Bøthun	Marte Kristoffersen	
Oda Medhus	Sander Molland	
Jens Hestenes Andersen		

**Merknader**

Frå kontrollkomiteen møtte Håkon Kongsvik

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Silje Lyngstad	Rådgjevar

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 41/18	Godkjenning av innkalling		
PS 42/18	Godkjenning av saksliste		
PS 43/18	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 44/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 25/18	Oversikt økonomi, per 14.08.2018	2014/560	
RS 26/18	Framgang Ungdommens planprogram, per 14.08.2018	2014/560	
RS 27/18	Oversikt ungdomsråd, per 02.08.2018	2014/560	
RS 28/18	Brev til medvirkningsorgan for ungdom i alle fylker - tema pedofili	2014/560	
RS 29/18	Trepunktsbelte på alle bussane i heile Hordaland	2014/560	
RS 30/18	Korleis har ungdommane i Hordaland det?	2018/11854	
PS 45/18	Ymse		
PS 46/18	Møteplan for haust 2018	2014/560	
PS 47/18	Nettverkssamling 3-4. november 2018	2014/560	
PS 48/18	Budsjett for 2019 - innspel frå Ungdommens Fylkesutval	2014/560	
PS 49/18	Presentasjon av Ungdommens fylkesutval for fylkesting og fylkesutval	2014/560	
PS 50/18	Møteplan for 2019	2014/560	
PS 51/18	Medverknadsorgan for ungdom i den nye fylkeskommunen - forslag til struktur	2014/560	
PS 52/18	Debatt i samarbeid med Ungdommens bystyre Bergen	2014/560	

### **PS 41/18 Godkjenning av innkalling**

#### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

##### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent.

### **PS 42/18 Godkjenning av saksliste**

#### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

##### **Vedtak**

Sakslista vart godkjent.

## **PS 43/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

#### **Vedtak**

Møteboka frå 15.06.2018 vart godkjent.

## **PS 44/18 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

I samband med RS 26/18 vart det gjort rede for kva slags postar i planprogrammet som er ferdig behandla. **Malene K. M. Alsaker** gjer rede for følgjande punkter under opplæring og helse:

- UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er eit punkt i folkehelseplanen når den kjem på rullering.
- UFU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, for eksempel ved å delta på Bergen Pride.
- UFU skal kontakta ungdomsrådet ved Haukeland Universitetssjukehus for å få innspel om korleis ein skal arbeida mot unge i psykisk vanskeleg situasjon.

**Jonas A. Å. Askeland** gjer rede for følgjande punkter under kultur, idrett og regional utvikling:

- UFU skal oppretthalde samarbeidet med den kulturelle skulesekken om kulturtilbod i den vidaregåande skulen.
- UFU skal oppretthalda samarbeidet med UKM.

I samband med RS 27/18 presenterte **Julie Langum** kontaktinformasjon på leiar i Sveio Ungdomsråd.

I samband med RS 28/18 vedtok utvalet samrøystes å arbeide konkret med tema «pedofili» opp mot eiga planprogram samt vurdere mogelegheita for mediaoppslag.

I samband med RS 30/18 ønskjer utvalet samrøystes ei utgreiing om tema «Korleis har ungdommane i Hordaland det?»

RS 25/18 og 29/18 vart referert.

## **PS 45/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

**Marius Hellan Hindenes** redegjorde for utvalet sine helgemøter og at det vert krav om ein vaksen tilstades.

## **PS 46/18 Møteplan for haust 2018**

#### **Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplan for haust 2018 for utvalet sine møter og Ungdommens fylkesting slik den føreligg.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

**Marius Hellan Hindenes** sette frem slikt forslag til endring:

«Helgemøte 21.-23. september vert flytta til 28.-30. september».

**Marius Hellan Hindenes** sette frem slikt forslag til endring:

«Helgemøte 13.-14. oktober vert flytta til 19.-21. oktober»

### **Røysting**

Hindenes sitt forslag om å flytte helgemøte i september vart samrøystes vedteke.

Hindenes sitt forslag om å flytte helgemøte i oktober vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplan for haust 2018 for utvalet sine møter og Ungdommens fylkesting slik den føreligg med dei endringar som er framsett.

## **PS 47/18 Nettverkssamling 3-4. november 2018**

### **Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek følgande:

1. Eigenandelen vert kr 1500.
2. Invitasjon til nettverkssamlinga er ferdigstilt av utvalet og er sendt til administrasjonen for distribusjon.
3. Tema for samlinga vert ..... og utvalet ønskjer slike innleiarar .....
4. Metode for å få innspel til Ungdommens handlingsprogram vert .....
5. Ungdommens fylkesutval treng / treng ikkje fasilitator.
6. Det er ønskjeleg / ikkje ønskjeleg med ein debatt.
7. Utkast til program er sendt til administrasjonen.
8. Utvalet skal møtast kvelden før for å planlegge arrangementet og vil da trenge middag.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

#### **Vedtak**

1. Eigenandelen vert kr 1500.
2. Invitasjon til nettverkssamlinga er ferdigstilt av utvalet og er sendt til administrasjonen for distribusjon.
3. Tema for samlinga vert «Å vere ungdom i Vestland» og utvalet ønskjer slike innleiarar:
  - Harald Eia – halde foredrag om det å vere ungdom
  - Fylkesordfører og leier i Fellesnemda Anne Gine Hestetun, for å opne samlinga.
  - Fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen
  - Prosjektleder Rune Haugsdal
  - Charlotte Espeland – halde foredrag om den kulturelle skolesekken og medverke til et kulturelt opplegg.
4. Metode for å få innspel til Ungdommens handlingsprogram vert workshop.
5. Ungdommens fylkesutval treng fasilitator.
6. Det er ønskjeleg med ein debatt rundt temaet «Nytt fylke». Utvalet inviterer ungdomspartia AUF, UH, UV, SU, Senterungdommen, KrFU, RU, GU, FpU.

Det er og ønskjeleg med ein diskusjon om framtidens skole. Utvalet ønskjer å invitere Elevorganisasjon, rektor ved Amalia Skram VGS og rektor ved Hyssingen produksjonsskole og helsesøster eventuelt skolepsykolog.

7. Utkast til program blir sendt til administrasjonen.

8. Utvalet skal møtast kvelden før for å planlegge arrangementet og vil da trenge middag.

## **PS 48/18 Budsjett for 2019 - innspel frå Ungdommens Fylkesutval**

### **Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval gjer slike vedtak:

1. Ansvar for innspel til forslag til budsjett for 2019 til administrasjonen får ..... og frist vert .....
2. Ansvar for innspel til forslag til budsjett for 2019 til politikarane får ..... og frist vert .....
3. Ansvar for uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2019 får ..... og frist vert .....

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

#### **Vedtak**

1. Ansvar for innspel til forslag til budsjett for 2019 til administrasjonen får **Marius Helland Hindenes** og frist vert **28.09.2018**.
2. Ansvar for innspel til forslag til budsjett for 2019 til politikarane får leiarane i utvala opplæring og helse, miljø og samferdsel og kultur, idrett og regional utvikling. Frist vert **25.10.2018**.
3. Ansvar for uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2019 får **Marius Helland Hindenes** og frist vert **25.10.2018**.

## **PS 49/18 Presentasjon av Ungdommens fylkesutval for fylkesting og fylkesutval**

### **Forslag til vedtak**

1. Ungdommens fylkesutval ønskjer å presentere seg for fylkestinget i oktober 2016.
2. Ungdommens fylkesutval ønskjer ei fast ordning der utvalet presenterer seg for fylkestinget kvart år.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

**Marius Hellan Hindenes** sette frem slikt forslag til endring på punkt 2:

«Ungdommens fylkesutval ønskjer ei fast ordning der utvalet presenterer seg for fylkestinget i mars kvart år.»

### **Røysting**

Punkt 1 blei samrøystes vedteke.

Hindenes sitt forslag til endring i punkt 2 blei samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Ungdommens fylkesutval ønskjer å presentere seg for fylkestinget i oktober 2018.
2. Ungdommens fylkesutval ønskjer ei fast ordning der utvalet presenterer seg for fylkestinget i mars kvart år.

## **PS 50/18 Møteplan for 2019**

### **Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen 2019 for utvalet sine møter og Ungdommens fylkesting slik den føreligg.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

#### **Røysting**

Møteplan for 2019 blei samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen 2019 for utvalet sine møter og Ungdommens fylkesting slik den føreligg.

## **PS 51/18 Medverknadsorgan for ungdom i den nye fylkeskommunen - forslag til struktur**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 15.06.2018**

**Malene Kristine Meidell Alsaker** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte.»

#### **Røysting**

Alsaker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

**Marius Hellan Hindenes (leiar)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsatt til neste møte.»

#### **Røysting**

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsatt til neste møte.

## **PS 52/18 Debatt i samarbeid med Ungdommens bystyre Bergen**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 24.08.2018**

**Jens Hestnes Andersen** sette fram slikt forslag:

«Utvalet ønskjer ein debatt om livsmestringsfaget i vidaregåande skule i staden for tema nynorsk og kollektivtransport»

### **Røysting**

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utvalet ønskjer ein debatt om livsmestringsfaget i vidaregåande skule i staden for tema nynorsk og kollektivtransport.